



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Skjønnsmidlar 2021 – fordeling av resten av ramma for Vestland

Statsforvaltaren i Vestland har att kr 8 175 000 i skjønnsmidlar som ikkje er fordelte til kommunane. Etter nærmare vurderingar av kommunar som er aktuelle for tildeling av midlar etter retningslinjene til departementet og vår kjennskap om tilhøva i kommunane, har vi gjort følgjande fordeling av midlane:

Kommune	kroner
4626 Øygarden	3 000 000
4630 Osterøy	1 675 000
4643 Årdal	1 500 000
4650 Gloppen	2 000 000
SUM	8 175 000

Vi har i fordelinga teke omsyn til

- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar
- utgifter etter ekstraordinære hendingar og økonomiske utfordringar som har oppstått gjennom året.

Øygarden

Ein lyngbrann på Sotra i juni spreidde seg hurtig og utløyste store ressursar i kommunen. I tillegg var det nødvendig med assistanse frå andre kommunar for å stoppe/sløkkje brannen. Kommunen fekk òg utgifter med å evakuere bebuarane i området og for varsling av innbyggjarar på SMS, overnatting, mat m.m. Samla førebelse utgifter er rekna til 6 mill. kroner. Dette utgjer om lag kr 155 per innbyggjar. Kommunen sine utgifter er difor lågare enn minstenivået på kr 250 per innbyggjar for å få tilskot av departementet sine skjønnsmidlar. På bakgrunn av dette legg Statsforvaltaren opp til å gje skjønnsmidlar av fylkesramma med 50 prosent av utgiftene, som blir 3 mill. kroner. Vi har òg lagt



vekt på at kommunen har svak økonomi, med liten driftsreserve gjennom lågt disposisjonsfond og høg lånegjeld.

Osterøy

Etter utmelding av Robek-registeret i vår, har kommunen framleis ein svak økonomi med liten driftsreserve gjennom lågt disposisjonsfond. Kommunen har i pandemitida hatt utfordringar med å følgje opp ein plan, og gjennomføring av tiltak, som skal gje balanse i økonomien. Kommunen får etter dette tildelt 1,675 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar. Statsforvaltaren følgjer opp at kommunen gjennomfører tiltak for å kome i økonomisk balanse, og vidare skaffar seg rom for avsetjingar til frie reservar som sikrar at handleevna blir vareteke over tid.

Årdal

Årdal kommune har sendt ein søknad om skjønnsmidlar knytt til særlege utgifter for to asylsøkjarbarn som i 2015 var nokre få dagar på mottaket i Årdal, før barnevernet overtok omsorga av barna. Dei bur no i andre kommunar, og Årdal blir av desse kommunane (etter regelverket) kravd for utgifter kommunane har til ekstra tenester til barna. I 2021 har Årdal kommune betalt 3,7 mill. kroner i refusjonar knytt til ekstra skuleutgifter til dei to kommunane der fosterheimane ligg (inkludert i summen er krav frå tidlegare år). For opphold i fosterheimar har kommunen for perioden 1. januar til 30. juni i år, betalt 3,3 mill. kroner. Sidan barna er busette i kommunane der fosterheimane ligg, har ikkje Årdal kommune høve til å søkje IMDI om aktuelle tilskot. Kommunen får heller ikkje inntekter gjennom inntektssystemet for dei to barna. Årdal har tidlegare motteke om lag 1 mill. kroner frå UDI i særtilskot ved omsorgsplassering av asylbarn, og tilsvarande i skjønnsmidlar i 2019. Oppsummert viser kommunen no til betalte utgifter på 7 mill. kroner i 2021. Sjølv om utgiftene til Årdal følgjer eit regelverk, vurderer Statsforvaltaren at dette er ei ekstra økonomisk utfordring for Årdal kommune. Ut frå dette får kommunen 1,5 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar.

Gloppen

Gloppen er Robek-kommune, og har etter det ein svak overordna økonomi utan frie reservar (disposisjonsfond) og ei høg lånegjeld. Kommunen har utarbeidd ein plan med tiltak for å dekkje inn eit akkumulert underskot på 5,6 mill. kroner, og deretter skaffe balanse i økonomien. Kommunen får etter dette tildelt 2 mill. kroner av ramma for restskjønnsmidlar. Statsforvaltaren følgjer opp at kommunen gjennomfører tiltak for å kome i økonomisk balanse, og vidare skaffe seg eit rom for avsetjingar til frie reservar som sikrar at handleevna blir vareteke over tid.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE